

Til Sogn og Fjordane Senterparti

NASJONAL TRANSPORTPLAN 2010-2019 – NYE STANDARDAR FOR STAMVEGFERJER-

Eid Senterparti er ueinig i den nye standarden for Stamvegferjer som ligg i forslaget til Nasjonal Transportplan (NTP) 2010-2019.

Intensjonen i NTP 2010-2019 er , sitat:

Statens vegvesen forslår at tilbudet på stamvegstrekingene

blir bedre tilpasset næringslivets og trafikantenes behov.

Den viktigste endringen er flere turer per døgn og utvidede

åpningstider på lavtrafikkerte samband.

Målsettinga er god, men i praksis vil den nye standarden med ei heving av kravet for å få høgast frekvens frå 1500 til 2500 PBE kunne gje store forskjelar både på opningstid og frekvens innafor den same transportkorridoren, og på ferjesamband som ligg nær kvarandre. Forslaget til NTP vil etter vårt syn bidra til å stykke opp den naturlege trafikkflyten, og komplisere situasjonen for både næringsliv og trafikantar.

For å få stamvegane til å fungere som effektive transportkorridorar, må standarden for ferjesambanda vere den same over lenger strekingar. Dette vil lette planlegginga for næringslivet og det vil verte mykje enklare å få til gjennomgåande bussruter som er attraktive for dei reisande

Vi vil rå til at ein vel ei av to løysingar:

1. Ein standard for alle stamvegar, lik den som er føreslegen for samband over 2500PBE i forslaget til NTP. Her vil kravet som ligg inne i forslaget om at 98% av køyretya skal kome med ønska avgang , styre om frekvensen skal vere endå høgare på enkeltstrekingar
2. Fastsetting av ein standard for heile strekingar, eksempelvis Bergen – Trondheim, også her slik at kravet til andel køyrety som skal vere med planlagd avgang styrer om frekvensen skal vere endå høgare.

Begge desse løysingane vil gje store transport og miljømessige gevinstar for ein relativt billig penge.

Vi ber om at Sogn og Fjordane Senterparti tek med denne saka i den vidare handsaminga av NTP.

Med helsing Eid Senterparti,

Sigurd Reksnes, Leiar

Kjell Magne Åshamar, gruppeleiar